



- det første stordal!

STORDAL KOMMUNE

Møtebok For Kommunestyret

Møtedato: 07.04.2010

Møtetid: Kl. 17:00 – 19:00

Møtestad: Kommunestyresalen

Handsama saker: 017/10 - 022/10

Forfall meldt frå fylgjande medl.	Parti	Fylgjande varamedl. møtte	Parti
Stig Falling	H	Gunn Busengdal	H
Lars Kristian Øvrebust møtte ikkje			

Ugilde	Sak	Fylgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Charles Tøsse
Frå adm. møte:	Rådmann Torbjørn Emblem Ass.rådmann Lars Joranger Teknisk sjef Stig A.Busengdal
Utlevert i møtet:	
Orientering:	Først i møte var det orientering frå Sparebanken Møre v/Arve Langva vedk. forvaltningsportefølgja til Stordal kommune og Nav Storfjorden v/Ørjan Haram.
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Underskrifter:

Jan Are Remme _____ H Hilde Dyrkorn _____ krf _____

SAKSLISTE

Sak nr.	Innhald:	JournalPostID
017/10	Godkjenning av møtebok	10/1400
018/10	Referatsaker	10/1400
019/10	Reguleringsplan for Jøsvoll og Jøsvollsæter fritidsområde. Gnr. 137 bnr. 1, 2 og 3 og gnr.138 bnr.1 og 2. 2 . gongs handsaming.	10/1400
020/10	Oppretting av kommunal fysioterapeutstilling i Stordal.	10/1400
021/10	Ombygging / påbygging av Stordal skule	10/1400
022/10	Kvartalsrapport - 1. kvartal 2010	10/1400



SAKSPAPIR – GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Endeleg vedtaksorgan: *
Saksansvarleg.: Randi Fauske

Arkiv: FE-
Objekt:

Arkivsaksnummer
10/267

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Sakshandsamar
017/10	Kommunestyret	07.04.2010	RF

Godkjenning av møtebok

Vedlegg i saka:


Møteprotokollen frå møte den 17.02.2010

FORSLAG TIL VEDTAK:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre

KS-017/10 VEDTAK:

Forslag til vedtak samrøystes vedteke.



SAKSPAPIR – OVERSYN OVER REFERATSAKER

Endeleg vedtaksorgan: *
Saksansvarleg.: Randi Fauske

Arkiv: FE-
Objekt:

Arkivsaksnummer
10/266

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Sakshandsamar
018/10	Kommunestyret	07.04.2010	RF

Referatsaker

Oversyn over referatdokument

Nr	Dok.ID	Type	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	10/953	I	10.03.2010	Møre og Romsdal fylkeskommune	VS: RDA- tildeling for 2009 og overføring frå 2007-2008 - Utbetaling til kommunane
2	10/958	I	10.03.2010	Kari-Anne Nilsen	VS: Båtskyss til Skotet
3	10/659	U	19.02.2010	Møre og Romsdal fylke	Ruteendringsforslag frå Fjord1 Buss AS
4	10/1022	I	09.03.2010	Statens vegvesen	VS: Trafikkspeil Dyrkorn. Vikavegen
5	10/750	I	18.02.2010	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Tilsyn med farlig stoff - utvidet tilsynsansvar for brannvesenet
6	10/1070	U	19.03.2010	Møre og Romsdal fylkeskommune	Vedk. endringar i ruteproduksjonen 2010 - 2011

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene vert teke til vitande.

KS-018/10 VEDTAK:

Referatsak nr. 6 framlagt i møtet. :
Vedk. endringar i ruteproduksjonen 2010-2011 av 19.03.2010.

Referatsak nr.4: Etter forslag frå ordføraren vedtok kommunestyret å oversende ein uttale kring trafikktryggleiken på Dyrkorn til samferdselsutvalet I Møre og Romsdal fylkeskommune

Alle referatsakene tekne til vitande.



SAKSPAPIR

Endeleg vedtaksorgan: Stordal kommunestyre
Saksansvarleg.: Stig Arne Busengdal

Arkiv: FA-L12
Objekt:

Arkivsaksnummer
09/606

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Sakshandsamar
005/10	Planutvalet	17.03.2010	SAB
019/10	Kommunestyret	07.04.2010	SAB

Reguleringsplan for Jøsvoll og Jøsvollsæter fritidsområde. Gnr. 137 bnr. 1, 2 og 3 og gnr.138 bnr.1 og 2. 2 . gongs handsaming.

Vedlegg i saka:

1. Reguleringsføresegner datert 15.05.2009. Revidert 04.03.2010
2. Planomtale datert 15.05.2009
Fråsegner til 1. gongs handsaming:
3. Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, datert 20.08.2009
4. Møre og Romsdal fylke, datert 28.08.2009
5. Nordre Sunnmøre landbrukskontor, datert 31.08.2009
6. Stordal landbruksråd, datert 27.08.2009
7. Statens vegvesen, Region midt, datert 02.09.2009
8. Noregs vassdrags- og energidirektorat –NVE, datert 18.11.2009

9. Plansak 008/09 (1. gongs handsaming)
- 10-12. Kunngjeringar av plansak 008/09
13. Vedk. handsaming av reguleringsplan og utbyggingsavtale- skriv frå rådmannen datert 19.01.2010

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

-tilhøyrande reguleringskart for Jøsvoll og Jøsvollsæter fritidsområde, datert 15.05.2009. (Ein kan sjå kartet ved å gå inn på heimesida til Stordal kommune under www.stordal.kommune.no. Evt. kan ein kontakte servicekontoret i Stordal kommune for å sjå reguleringskartet eller å få det tilsendt.)
-plan- og bygningslova.

Saksopplysningar

Reguleringsframlegget vart handsama 1. gong den 10.06.2009 under plansak 008/09. Plandokumentet har lege ute til offentleg ettersyn fram til 01. september 2009.

Reguleringsframlegget er kunngjort i 2 aviser, på heimesida til Stordal kommune. Vidare er berørte partar, så langt råd er, tilskrivne.

Undre 1. gongs handsaming av planframlegget, plansak 008/09, vart det under pkt II gjort slikt samrøystes vedtak:
"Det skal ligge føre godkjent utbyggingsavtale mellom Stordal kommune og utbygger før reguleringsplanen for Jøsvoll og Jøsvollsæter fritidsområde kan godkjennast i Stordal kommunestyre"

I brev av 19.01.2010 frå rådmannen heiter det m.a. at kommunen har tatt avgjerd om at handsaming av reguleringsplanen no vil skje uavhengig av om utbyggingsavtale er på plass eller ikkje, jf. vedlegg 13.

Til planframlegget har ein mottatt 6 fråsegner. Nedanfor, under vurderingar, har ein knytt kommentar til innkomne fråsegner.

Vurdering:

Kommentar til vedlegg 3 –Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, datert 20.08.2009
Har ingen særskilde merknader til planframlegget.

Kommentar til vedlegg 4 - Møre og Romsdal fylke, datert 28.08.2009

Ved opparbeiding av planområdet må ein stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturvernavinga dersom ein støyter på arkeologiske freda kulturminne. Elles ingen andre merknader til planframlegget.

Kommentar til vedlegg 5 - Nordre Sunnmøre landbrukskontor, datert 31.08.2009

Ein viser til reguleringsføresegna 1.1 Byggeområde pkt. 6 der det m.a. heiter at: *"mest mogleg av den naturlege og stadeigne vegetasjonen skal takast vare på..."* Ein vil anta at ein gjennom denne bestemmelsen vil kunne ivareta skogen på ein best mogleg måte.

Når det gjeld tiltak for å ivareta verneskogen heiter det i reguleringsføresegna 1.1 Byggeområde pkt. 16: *"Verneskog over kote 360 skal behandlast etter vedtatte retningslinjer for skjøtsel og drift av verneskog i Stordal kommune, jf PBL §§25 og 68 og lov om skogbruk og skogsvern §§32 og 33."*

Kommentar til vedlegg 6 - Stordal landbruksråd, datert 27.08.2009

Stordal Landbruksråd har ingen merknad til planen.

Kommentar til vedlegg 7 - Statens vegvesen, Region midt, datert 02.09.2009

Under 1.2.1 i reguleringsføresegna er det inntatt eit nytt kulepunkt, der det heiter: *"Avkøyrsla frå fylkesvegen skal utformast i tråd med vegnormalen."*

Frisiktlinja mot aust er justert slik at den tangerar ytterkurva av fv. 101 ovafor brua.

Kommentar til vedlegg 8 - Noregs vassdrags- og energidirektorat –NVE, datert 18.11.2009.

NVE peikar på at det i samband med byggesøknad og plassering av bygningar blir gjort ei grundig vurdering om overflatevatn kan utgjere eit faremoment.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:



Stordal kommunestyre finn med heimel i plan- og bygningslova §27-2 å godkjenne reguleringsplan for Jøsvoll og Jøsvollsæter fritidsområde med plankart datert 15.05.2009, sist revidert 04.03.2010 og føresegner datert 15.05.2009, revidert 04.03.2010.

PLAN-005/10 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke

KS-019/10 VEDTAK:

Samrøystes vedteke.



SAKSPAPIR

Endeleg vedtaksorgan: Kommunestyret
Saksansvarleg.: Lars Joranger

Arkiv: FA-G27
Objekt:

Arkivsaksnummer
10/216

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Sakshandsamar
027/10	Formannskapet	17.03.2010	LJ
020/10	Kommunestyret	07.04.2010	LJ

Oppretting av kommunal fysioterapeutstilling i Stordal.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

- DF sak 137/05

Saksopplysningar

Då Marit Leganger Braute vart tildelt heimel som fysioterapeut med driftstilskot i Stordal i 1996 låg det i avtalen at ho kunne bli tilplikta å gjere kommunale fysioterapeutoppgåver med inntil 8 timar kvar veke. Etter dette har Leganger Braute sagt opp 75 % av tilskotet sitt og sit i dag med eit 25 % driftstilskot. Ho vert framleis leigd inn for å gjere kommunale fysioterapeutoppgåver med 8 timar kvar veke. Dette vert fakturert til Stordal kommune. Men kommunen må ha minimum 33,3 % kommunal fysioterapeut for å få rammetilskot for kommunal fysioterapeut. I 100 % stilling er det for 2010 kr 157.500,- tilført ramma, og avkorta høvesvis i forhold til stillingprosent. 40 % stilling vil gi ei auke i ramma til Stordal kommune på kr 63.000,-

Då Ove Årdal "tok over" 75 % av driftstilskotsheimelen som fysioterapeut i Stordal vart det i saksutgreiinga sagt følgjande:

Ut frå det som kjem fram over vil Stordal kommune i denne omgang verte utpeika/tilsett ny person som innehar praksisen i 75 % av stillingsheimelen og 25 % av stillingsheimelen. Innan utløpet av mars 2006 vil det verte teke avgjerd med omsyn til framtidig løysing av fysioterapeut- tenesta i kommunen.

Stordal kommune ønskjer med dette å signalisere at ein ikkje for all framtid vil forplikte seg til å kjøpe kommunale fysioterapeut-tenester hos privatpraktiserande fysioterapeut. (sakshandsamar si understreking)

Stordal kommune har no fått førespurnad frå Ørskog kommune om å gå saman om ei 100 % stilling som kommunal fysioterapeut der Ørskog tilset i 60 % stilling og Stordal tilset i 40 % stilling.

Når dette vert teke opp no er har det sin bakgrunn i at den kommunalt tilsette fysioterapeuten i Ørskog no sluttar for oppnådd aldersgrense og dei skal ut med ny tilsetjing. Dei vurderer då ei utlysing i 60 % stilling, men veit av erfaring at det er lettare å få tilsett dersom stillinga samla er 100 %.

Vurdering:

Slik situasjonen i Stordal er i dag så har ein 100 % stilling som privatpraktiserande fysioterapeut med driftstilskot . Heimelen er delt sli at Ove Årdal får 75 % og Marit Leganger Braute får 25 % av heilt driftstilskot.. Ove Årdal har overfor kommunen signalisert at det er absolutt behov for meir privatpraktiserande fysioterapitenester i Stordal . Før ein eventuelt går til utviding av desse heimlane bør ein vurdere å frigi den kommunale ”tilpliktinga” som ligg i avtalen til Leganger Braute.

Ei 40 % stilling som kommunal fysioterapeut vil gi ein årleg kostnad på om lag kr. 190.000 (høgskulestigen med 10 års praksis). Når ein trekkjer frå rammetilskotet på kr 63.000,- vil totalkostnaden med 40 % stilling vere om lag kr 127.000. I dag vert kommunen fakturert med om lag kr 137.000 for 8 timar kommunal fysioterapeuttenester kvar veke.

Som ein ser er stillinga alt finansiert gjennom dagens ramme og ein vil få auke opp frå 8 til 15 timar kommunal fysioterapitenester kvar veke. Det vil imidlertid medføre at Stordal kommune får arbeidsgivaransvar for kommunal fysioterapeut, men samstundes får ein 7 timar meir teneste kvar veke og større grad av styring.

Rådmannen er av den meining at Stordal kommune vanskeleg vil klare å rekruttere i 40 % stilling kommunal fysioterapeut utan i eit samarbeid med nabokommune og slik dele ei heil stilling. Når Ørskog kommune no kan kome oss i møte på dette bør vi takka ja til dette. Ei klar føresetnad er at det skal vere to dagar kommunal fysioterapeuttenester fysisk lagt til Stordal kommune.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Stordal kommunestyre vedtek å opprette 40 % kommunal fysioterapeutstilling. Stillinga vert å lyse ut i samarbeid med Ørskog kommune med samla stillingstorleik 100 %. Det skal vere to faste dagar kvar veke der den tilsette har tenestestad Stordal.
2. Avtalen vedkomande driftstilskot for privatpraktiserande fysioterapeut i Stordal kommune vert å reforhandle og endrast i tråd med saksutgreiing og pkt 1. i dette vedtaket.

FS-027/10 VEDTAK:


Etter drøftingar i formannskapet, vart forslag til nytt pkt. 3 framlagt som fylgjer:

“ 3. Rådmann i samråd med ordføraren får fullmakt til å godkjenne ein ev. samarbeidsavtale. “

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg av pkt. 3 vart samrøystes tilrådd.

KS-020/10 VEDTAK:

Formannskapet si tilråding til vedtak samrøystes vedteke.



SAKSPAPIR

Endeleg vedtaksorgan: Kommunestyret
Saksansvarleg.: Lars Joranger

Arkiv: FE-614, FA-A00
Objekt:

Arkivsaksnummer
09/970

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Sakshandsamar
028/10	Formannskapet	17.03.2010	LJ
021/10	Kommunestyret	07.04.2010	LJ

Ombygging / påbygging av Stordal skule

Vedlegg til saka:

- Notat frå nemnda godkjent i møte 9. mars 2010.
- Skiseprosjekt med kostnadsoverslag for rehabilitering av 1972-bygget Stordal skule
- Rom og funksjonsprogram Stordal skule
- K.sak 44/07 Ombygging/påbygging Stordal skule.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

- F.sak 194/06
- F.sak 14/08

Saksopplysningar

Med bakgrunn i tidlegare vedtak og mandat har gruppa no utarbeida notat som skisserer 3 ulike alternativ ein ser føre seg for vidareføring / slutføring. Berre eit av alternativa er mulig å gjennomføre innafor den økonomiske ramma som er vedteken. Dette er det som i notatet er nemnt som Alternativ 2 - Berre rehabilitering av eksisterande bygg (alle 3 bygga). Skiseprosjekt med kostnadsoverslag for rehabilitering av 1972-bygget Stordal skule utført av Moldskred as, syner at rehabilitering av ungdomsskulen åleine er kostnadsrekna til kr 8,5 mill + mva.

Vurdering:

Dersom ein skal få til eit tidsrett og framtidretta skulebygg, vil rehabilitering av eksisterande 3 bygningskroppar vere lite egna. Ein vil med ei slik løysing investere 15. mill + mva og framleis ha ein gamal skule fordelt på tre byggekroppar.

Dei to andre alternativa vil ha ei kostnadsramme på 23 mill + mva for alternativ 1 - Rehabilitering av eksisterande ungdomsskule + eit nybygg. For Alternativ 3 - Riving av eksisterande ungdomsskule (1.etg) + bygging av eit noko utvida erstatningsbygg er kostnadene stipulert til kr 25. mill.

Innafor ramma av 15. mill ser ikkje nemnda mulighet for å både få naudsynt nytt tilbygg og rehabilitering av ungdomsskulen.

Det er Alternativ 1 som er det alternativet som vil gi mest for pengane, men det er det ikkje sett av pengar til .

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Den vidare planlegging av rehabilitering og nybygg til Stordal skule skal skje etter Alternativ 1 i notat av 9. mars 2010 (Rehabilitering av eksisterande ungdomsskule + eit nybygg)
2. Den vidare planlegginga vert å utføre av den oppretta kommunale byggenemnda for Stordal kommune og med dagens "skulenemnd" som referansegruppe.
3. Byggenemnda skal innan 1. juni 2010 leggje fram skisse og kostnadsoverslag for rehabilitering og nybygg etter alternativ 1 med ei samla kostnadsramme så nær vedteken ramme på 15. mill som mogeleg.

FS-028/10 VEDTAK:

Basert på eit framlegg frå Ole J Vidhammer, kom det i møtet fram fylgjande fellesframlegg til nytt pkt. 3:

“ 3. Byggenemnda skal innan 1. juni 2010 legge fram skisse og kostnadsoverslag etter alt. 3 med ei samla kostnadsramme på inntil 25 mill kr. + mva.

Finansiering av meirkostnader i høve til alt vedteken ramme (15 mill.) vert å kome attende til i eiga sak. “


Rådmannen sitt framlegg til vedtak under pkt.1, vart endra i samsvar med nytt framlegg til pkt.3.

ENDELEG TILRÅDING:

1. Den vidare planlegging av rehabilitering og nybygg til Stordal skule skal skje etter alt. 3 i notat av 9. mars 2010.
2. Den vidare planlegginga vert å utføre av den oppretta kommunale byggenemnda for Stordal kommune og med dagens "skulenemnd" som referansegruppe.
3. Byggenemnda skal innan 1.juni 2010 legge fram skisse og kostnadsoverslag etter alt. 3 med ei samla kostnadsramme på inntil 25 mill. kr. + mva.
Finansiering av meirkostnader i høve til alt vedteken ramme (15 mill) vert å kome attende til eiga sak.

KS-021/10 VEDTAK:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.



SAKSPAPIR

Endeleg vedtaksorgan: *
Saksansvarleg.: Torbjørn Emblem

Arkiv: FE-212
Objekt:

Arkivsaksnummer
10/264

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Sakshandsamar
022/10	Kommunestyret	07.04.2010	TE

Kvartalsrapport - 1. kvartal 2010

Vedlegg i saka:

Ingen

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Ingen

Saksopplysningar

Økonomistatus:

Rekneskapsresultatet for dei 3 første månadane bør ligge på ein gjennomsnittleg forbruksprosent på ca 28 % tom mars månad. Forbruket er justert i høve periodisert nettobudsjett !

	Forbruk %
Ansvar 1000	28
Ansvar 2000	29
Ansvar 3000	30
Ansvar 6000	28

Status andre prosjekt:

- Kvammen bru – anbudet er utlyst på DOFFIN med anbudsfrist i siste del av april. Synfaring med aktuelle leverandører er pågang.
- Reguleringsplanar innan skule/idrettsområdet og hyttefelt H51 er under arbeid og kjem til handsaming (ny) i løpet av 2. kvartal 2010.
- Omsorgsbustader i Stordalstunet er under arbeid/skisse og kontakt aktuelle leverandører vil vere gjennomført i løpet av 2. kvartal 2010.
- Ny skule i Stordal vert handsama i dag og byggenemda konstituerar seg sjølv snarast mogleg. Evt ny kostnadsramme og finansiering av denne kjem til handsaming i løpet av april månad.
- Prosjekt Øvre Stordal – Vatn og avløp – er skissert frå teknisk etat og presentert for aktuelle grupperingar i området. Prosjektet vil i løpet av april knytte til seg konsulent for utarbeide prosjektet, anbudasdokument og kostnadskalkyle. Handsaming av evt investeringsprosjekt vert handsama politisk i 2.kvartal.
- Samarbeidsprosjekt med Norddal kommune er etablert innan teknisk etat – oppmåling/kart. Prosjektet vert no vidareutvikla til kanskje å gjelde fleire / alle område innan teknisk etat. Prosjektavklaringar i løpet av april månad.
- Samhandlingsreforma (Sjukehus/kommune) er i kartleggingsfasen, der ÅRU på vegne av kommunane kartlegg og avklarar ytterlegare innhald og moglegheiter reforma gjev.

Vurdering:

Pr 1.kvartal i 2010 er det "mindre" avvik i høve vedtekne rammer i driftsbudsjettet for Stordal kommune. Disse avvika må likevel reduserast gjennom dei neste 9 månadane slik at rekneskap og budsjett kjem i balanse ved årets slutt.

Økonomistyringa for dei neste kvartala i 2010 vil såleis vere avgjerande for resultatet ved årets slutt.

Innkjøpsstopp/begrensning vert vurdert innført i medio august dersom den økonomiske statusrapporten pr august lønn ikkje er tilfredsstillande.

Driftseiningane vil i 2010 få redusert sine "total"rammer gjennom ein budsjettrevisjon i april månad, basert på auka investeringsramme innan større prosjekt i 2010 – 2012. Dette vil skje gjennom at løns og pensjonsfondet vert redusert vesentleg og midlane flytta over til ansvaret for finansutgifter.

Dei øvrige større prosjekta/planane kjem til handsaming og/eller informasjon i all hovedsak i løpet av 2.kvartal.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Stordal kommunestyre statusen pr 1.kvartal til vitande

KS-022/10 VEDTAK:

Stordal kommunestyre tek statusen pr. 1.kvartal til vitande.
Samrøystes.

